



STIFTINGA BERGSLIMINNE

Arkiv : kunstnarheimar på voss/innspel til kommuneplan 01

Voss den 06. mars 2018

Voss kommune
Planavdelinga
Postboks 145
5701 Voss

VERN AV KULTURMINNE KNYTTE TIL KUNSTNARHEIMAR PÅ VOSS.

Som De vil vera kjend med, har det over lang tid vore drøftingar mellom Fylkeskonservatoren i Hordaland, Voss kommune og Stiftinga Bergsliminne med siktemål å verna 9 kunstnarheimar i kommunen.

Som fylgje av dette, fekk Stiftinga Bergsliminne eit offisielt oppdrag frå fylkeskonservatoren om å om å utarbeida ein detaljert rapport med historikk og annan informasjon om desse eigedomane som kunne danna grunnlagsmateriale for antikvarisk vurdering og seinare framlegg om vern i kommuneplansamanhang.

Verdien som desse kunstnarheimane har, og prosessen fram til no, er grundig dokumentert i rapporten som vart overlevert til Hordaland fylkeskommune og til Voss kommune i april 2014.

For å sikra desse kulturhistorisk verdifulle eigedomane mot uynskte tiltak til dømes etter eigarskifte eller ved utbygging av naboeigedomar, vil me be om at Voss kommune viser dei som omsynssoner i den komande rulleringa av arealdelen i kommuneplanen, slik også Fylkeskultursjefen tilrår i eit brev frå 21.12.2011.

Me sende den 15.01.2018 brev til eigarane av kunstnarheimane med førespurnad om korleis dei ville stilla seg til at eigedomen deira vart vist som omsynssone.

Seks eigarar har kome med skriftleg tilbakemelding, sjå *Vedlegg 1-6*. To eigarar har gjeve muntleg tilbakemelding.

- Stiftinga Bergsliminne : Bergslitræet, gbnr. 48/138, Prestegardsmoen.
Sjå *Vedlegg 1*. Stiftinga ynskjer at eigedomen vert vist som omsynssone i kommuneplanen
- Voss Bygg og Anlegg AS : Kunsthandsverksskulen, gbnr. 196/14, Gjernes.
Sjå *Vedlegg 2*. Det er ikkje i eigar si interesse å verna heile eigedomen, men bevara fasadane.
- Brita Dagestad Bjørke, Rosereiret, gbnr. 196/6 og 196/192, Gjernes.
Sjå *Vedlegg 3*. Eigar er positiv til omsynssone.



STIFTINGA BERGSLIMINNE

- Liv Bernhoft Osa og Per Gørvell : Sævelid, gbnr. 48/85, Osavegen 45. Sjå *Vedlegg 4*. Eigar ynskjer ikkje at Sævelid skal koma inn under ein verneplan.
- Einar Horvei og Solveig Torkilsen Horvei, «Slottet», gbnr. 361/1 på Horvei. Sjå *Vedlegg 5*. Eigar ynskjer at eigedommen kjem inn under rgelverket for omsynssoner i kommuneplanen
- Jorunn Hirth : Stove etter Styrk Hirth, gbnr. 277/4, Myrkdal. Sjå *Vedlegg 6*. Eigar ynskjer at eigedommen vert vist som omsynssone i kommuneplanen
- Anna Hirth : Tinrabakken, gbnr. 196/17, Gjernes. Eit eigarskifte innan familien vil verta gjennomført om kort tid. Familien ynskjer ikkje at eigedommen vert vist som omsynssone i kommuneplanen no.
- Finn Tvinde : Gamlestova, Tvinne. Gbnr. 72/2. Eigar er positiv til at det vert sett i gang ein prosess med sikte på vern i form av omsynssone, men ynskjer å verta orientert om konsekvensar m.m. undervegs.

På den niande eigedomen i rapporten om kunstnarheimar, Buhuset, er fasadane no endra i strid med det bygningshistoriske utgangspunktet. Eigaren ynskjer ikkje at huset skal inngå i ei omsynssone.

Med helsing,
for arbeidsgruppa i Stiftinga Bergsliminne

Laila Rynning Veum Ole Didrik Lærum
Laila Rynning Veum Ole Didrik Lærum

Ingeb. Nesheim
Ingebright Nesheim

Kopi til - Eigarane av kunstnarheimane
- Hordaland fylkeskommune